	<p>frå LNF-føremål til næringsføremål ved rullering av KPA i 2008, og vart konsekvensutgreia for dette føremålet. I samband med rullering av KPA i 2013 blei området på Nestangen sett av til sentrumsføremål, og det vart sett krav om områderegulering for å sikre heilskapleg planlegging og høgare grad av medverknad. Det var ikkje gjort ny konsekvensutgreiing i 2013.</p> <ul style="list-style-type: none"> • KU-en seier ikkje noko om konsekvensane for born og unge. Noko av forklaringa er nok at området har gått frå næringsføremål til sentrumsføremål. VLFK oppmodar om at tryggleik for born vert særskilt sett fokus på i vidare planarbeid, for å unngå at fleire familiebusstader førar til auka bilkøyring. • Temaa klimatilpassing og klimagassutslepp er ikkje utgreia i konsekvensutgreiinga frå 2008. Dette var ikkje vanlege utgreiingstema på denne tiden, men med ny og betre kunnskap oppmodar vi om at desse konsekvensane vert vurdert i vidare planarbeid og skildra i planomtalen. Mellom anna omfattar planområdet eit stort areal bestående av fulldyrka jord med frukthagar, der hydrologiske forhold vil endrast ved utbygging. <p>4) Medverknad: rår om medverknad også inn i stadsanalysen før ein begynner å arbeide med utbyggingsalternativa. Lokalkunnskap bør ligge til grunn for utviklingskonsept.</p> <p>5) Stadanalyse:</p> <ul style="list-style-type: none"> • landskap og grønstruktur som premis for arkitektur, bebyggelse og utbyggingsstrukturen, er viktig og VLFK rår difor å sjå desse to temaa i samanheng. • Ryggen frå fjellet og ned til fjorden er det grønne primærdraget i landskapet. Vi oppmodar om at ryggen og delar av noverande jordbruksareal får fortsette å vere grønne korridorar for å ivareta landskapspreget. • Bruke stadanalysen til å definere kva ein legg i fortetting med kvalitet i dette området. • Framhevar viktigheita av temaa kulturminne og kulturmiljø, og undersøke korleis desse verdiane kan styrkast og byggast vidare på. • Undersøke korleis ein kan få til overgangane mellom offentlege, semi-offentlege og private soner. • Ein bør undersøke korleis ein kan få til ei samansett og variert utbygging, i motsetning til et repeterende og einsforming uttrykk. • Freda kulturminne, kulturminne frå nyare tid og kulturlandskap må skildrast, og konfliktgraden ift ny utbygging må skildrast. 	<p>Barn og unge er også lagt inn som ei eiga gruppe med tidleg medverknad i Plan for medverknad.</p> <p>Planomtalen vert også supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Følgjande tekst vert lagt inn:</p> <p><i>Klimatilpassing</i> <i>I planarbeidet skal ein omtale havnivåstigning, avklare moglege flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtkniske løysingar for framtidige bygg.</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 4. Uttalen er teke til orientering. Det vert ikkje lagt opp til medverknad i stadanalysen. Plan for medverknad legg opp til tideleg kartleggingsmøte med barn og unge og interne aktørar slik at lokalkunnskap ligg til grunn for utviklingskonsept. 5. Innspel til stadanalysen vert teke med i arbeidet. 6. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 7. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 8. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 9. Uttalen er teke til orientering. Kulturminne vil bli føljt opp i områdereguleringsarbeidet både som del av stadanalysen og elles omtala og vurdert i høve verknader av planframlegget i planomtalen. Dialog med kulturminnemynde skal vurderast fortløpande i planprosessen. Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 18), teksten endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar. 10. Uttalen er teke til orientering og vil verta vurdert i områdereguleringsarbeidet. <p>Uttalen fører til endringar i planprogrammet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024» vert lagt inn i planprogrammet under «Regionale føringar» (side 26). • Planprogrammet vert supplert med fylgjande informasjon under kapittel 4 «Konsekvensutgreiing» (side13): <i>Det ikkje utbygde området på Nestangen vart endra frå LNF-føremål til næringsføremål ved rullering av KPA i 2008, og vart konsekvensutgreia for dette føremålet. I samband med rullering av KPA i 2013 blei området på Nestangen sett av til sentrumsføremål, og det vart sett krav om områderegulering for å sikre heilskapleg planlegging og høgare grad av medverknad. Det var ikkje gjort ny konsekvensutgreiing i 2013, berre på ein mindre del (3,8 da) langs fjorden.</i> <ul style="list-style-type: none"> • Redaksjonell endring i planprogram under kapittel 5, "barn og unges interesser" (side 12):
--	---	--

	<p>6) Klima:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ved ei utbygging på jordbruksområda vil ein auke tetta flatar som vil føre til meir overflatevatn og potensielle negative konsekvensar for områda rundt. Dette må inkluderas i vidare planarbeid og sjåast i samanheng med eksisterande blågrøne strukturar. • Føresegna bør definere krav til materialbruk og energiløysingar i bygg • Bør bli tilrettelagt for og sett krav til tilrettelegging for ladestruktur • Rår til å sjå utgreiingstema landskap og grønstruktur i samanheng med klimatilpassing og overvasshandsaming. Viktige elvar og/eller bekkar og sårbare artar som skal identifiserast i planarbeidet kan takast med inn i arbeidet med blågrøn infrastruktur og overvasshandsaming • Rår til at potensiale for restaurering/repatering vert del av utgreiinga. Døme retteiar for lokal overvasshandsaming og Naturbaserte løysingar for klimatilpassing • Positivt med naturbaserte løysingar og at kommunen ser plassering av bygg/byggestruktur i forhold til vind og mikroklima som ei sentral oppgåve i planarbeidet. <p>7) Barn og unge</p> <p>VLFK rår til at barn og unges interesser vert enda tydelegare i stadanalysen og vidare planarbeid.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det bør leggest til rette for uteopphaldsareal som egner seg for alle aldra • Det er positivt at ein vurderer å etablere eit bilfritt bustadområde. Dette kan vere med å ivareta born og unge sine interesser og fremje sosial berekraft. Eit slikt grep vil bidra til trygge, gode og sosiale sonar mellom husa. <p>8) Friluftsliv: Planområdet omfattar fleire kartlagde friluftsområde – Fjordstien, Grøntkorridoren Leitevegen – Røvhagane, leike- og rekreasjonsområde ved Sogndal Folkehøgskule og Barsnesfjorden.</p> <p>9) Kulturminne og kulturmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Må kartlegge fornminne og bygningar /bygningmiljø, tekniske kulturminne, steingardar, gamle ferdsselsårar, utmarksminne og andre kulturlandskapstrekk • Det er viktig at dei kulturminna og kulturmiljø som kommunen ønskjer å sikre for framtida vert sikra gjennomomsynssone H570 eller H730 og føresegner. • Tiltakshavar (kommunen) bør gå i dialog med regionalt kulturminnemynde for å finne gode løysingar før planen vert lagt ut på høyring 	<p><i>Det må gjerast ei vurdering av born og unge sine høve for framtidig bruk av området, og konsekvensar for barn og unge med tanke på trygg skuleveg, leik- og opphaldsareal ute. Det vil også vere viktig å sjå på moglegheiten for formelle og uformelle møteplassar for ungdom og at uteområda egner seg for alle aldra. I planarbeidet vil det vere viktig å sjå på om utbygging vil løyse ut behov for utvida kapasitet på barnehage i området.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • Planprogrammet vert også supplert med nytt punkt «Klimatilpassing» under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut». Fylgjande tekst vert lagt inn: <i>Klimatilpassing</i> <i>I planarbeidet skal ein omtale havnivåstigning, avklare mogeleg flaum og skredfare, handsaming av overflatevatn, tilrettelegging for ladestruktur og føringar for materialbruk, energiløysingar og eventuelt byggtkniske løysingar for framtidige bygg.</i> • Redaksjonell endring i planprogrammet under punkt «Arkeologi» (side 19). Teksten blir endra til at det må påreknast arkeologiske undersøkingar: <i>Det er under høyring av planprogram kome uttale frå kulturavdelinga i Vestland Fylkeskommune. Dei vurderer at området har eit særst høgt potensial for automatisk freda kulturminne. Av tidlegare funn frå Nes kan nemnast fleire rikt utstyrte manns- og kvinnegraver frå yngre jernalder. I tillegg er det er gjort fleire funn av økser frå steinalder. I området kan det difor forventast både busetnadsspor frå jernalder, spor etter gravfelt, førhistorisk dyrkingsaktivitet og buplassar frå steinalder.</i> <p><i>Det må derfor gjerast arkeologiske undersøkingar jf. undersøkingsplikta i § 9 i lov om kulturminne, som tilseier at ved større offentlege og private tiltak er tiltakshavar pliktig til å undersøke om planen/tiltaket kan råke automatisk freda kulturminne. Undersøkingsplikta må i disse områda oppfyllest på ein slik måte at kulturminneforvaltninga kan uttale seg til planen. Arkeologiske registreringar i slike område vil likevel vere noko avgrensa i omfang. Registreringsmetode vil vere maskinell flateavdekking på dyrka mark og overflateregistrering. Undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova må vere oppfylt og naudsynt sakshandsaming gjennomført, før planen kan endeleg vedtakast av kommunen.</i></p>
--	--	---

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar til oppstart av planarbeid

		<ul style="list-style-type: none"> • Kulturminneverdiane må i planarbeidet omstalast særskilt som eige tema • Det er naudsynt med ei arkeologisk registrering for å for å avgjere om planforslaget vil råke hittil ikkje registrerte kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova, då det er tidlegare funne fleire funn i området. VLFK kan ikkje seie seg samd i arealbruken i områderuleringsplanen før §9 i kulturminnelova er oppfylt for heile planområdet. Undersøkningsplikta i §9 må være oppfylt før planen kan vedtakast av kommunen. • Bergens Sjøfartsmuseum har ingen merknader til den planlagde reguleringa. Museet gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. <p>10) Samferdsel</p> <ul style="list-style-type: none"> • VLFK legg til grunn at verknadene planløyisingar har for vegtransport og vegnettet vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtalen og ROS-analysen. • Det kan det verte aktuelt å stille krav om rekkefølgekrav for etablering av naudsynte løyisingar knytt til framkomst på fv.55 og gode trafikktrygge løyisingar for mjuke trafikantar i området. Vidare kan det også verte aktuelt å stille krav om gjennomføringsavtale i samband med bygging av fortau/gang- og sykkelveg langs fv.55. 	
4	<p><u>Sogndal eldreråd</u> <u>Råd for</u> <u>menneske med</u> <u>nedsett</u> <u>funksjonsevne</u> Dato: 26.04.2023</p>	<p>1) Det må takast inn eit eige punkt i planen om universell utforming, for å sikre rørsle- og orienteringshemma sine behov for gode løyisingar.</p> <p>2) Meiner det er viktig med god universell utforming og slik sikrar tenlege bustadar og sentrumsnær tilkomst for alle funksjons- og aldersgrupper.</p> <p>3) Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Sogndal eldreråd vil be om at Sogndal kommune i samarbeid med utbyggjarar, Husbanken og statsforvaltar utarbeidar planar om bustadprosjekt som kan realiserast i områda Nestangen.</p>	<p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderuleringsarbeidet. Universell utforming er ivareteke i gjeldande lovverk og vil verta vektlagt i planarbeidet.</p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderuleringsarbeidet.</p> <p>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderuleringsplanarbeidet. Områderuleringsplanen skal legge til rette for ein variasjon i bustadar innan for områderuleringsplanen sine rammer. Ein kan då via detaljregulering, inngå konkrete utbyggingsavtaler med bakgrunn i plan.</p> <p>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</p>
5	<p><u>Statsforvaltaren</u> <u>i Vestland</u> Dato: 05.05.2023</p>	<p>1) Føreset at bustadbehovet vert tilstrekkeleg belyst, og at dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging 2019-2023 s. 29, om at kommunane skal ta bustadsosiale omsyn i planlegginga, vert lagt til grunn for dette planarbeidet i Sogndal sentrum.</p>	<p>1) Uttalen er teke til orientering. Uttalen er teke til orientering. Områderuleringsplanen skal legge til rette for ein variasjon i bustadar innan for områderuleringsplanen sine rammer. Planen vil derfor legge til rette for å</p>

		<p>2) Vi gjer elles merksam på at lov om kommunane sitt ansvar på det bustadosiale feltet trer i kraft frå 01.07.2023.</p> <p>3) Planforslaget må vise at krav til storleik og kvalitet på leike- og uteopphaldsareal vert ivareteke. Korleis trygg skuleveg skal sikrast for ungene i buområda må også vere eit tema i planomtalen. Vi viser til rettleiaren om barn og unge i plan- og byggjesak som kom 13.01.2020, og som viser korleis plan- og bygningslova kan vera med å sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge.</p> <p>4) Planarbeidet må gjere greie for korleis omsynet til universell utforming er ivaretatt.</p> <p>5) I den grad planen opnar for bygging på landbruksjord, ser vi det som viktig at det vert stilt krav om høg arealutnytting. I følgje Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.22, 2022/7393 Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming, tilsvare Sogndal sin relative del av nasjonalt jordvernmål ei omdisponering av maksimum 10 daa/år, rekna etter kommunen sitt totale jordbruksareal, dersom ein skal bidra til å nå det nye, nasjonale jordvernmålet på maks. 3.000 daa/år innan 2025. Sogndal har dei siste 7 åra ligge på bortimot det dobbelte av dette, og vil ha ei monaleg utfordring i å halde seg innanfor både nasjonale mål, og eigne mål om effektiv arealbruk i ny kommuneplan under utarbeiding.</p> <p>6) Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8. Vi føreset også <i>at Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen</i> blir lagt til grunn for utarbeidinga av planforslaget. Retningslinjene skal bidra til at det blir tatt særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og allmenne interesser i strandsona</p> <p>7) Det må gjennomførast ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova (nml.) §§ 8- 12, jf. nml. § 7. Utgreiingskrava til temaet naturmangfald må stå i forhold til omfanget av det planarbeidet legg opp til.</p> <p>8) Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast med omsynssone på plankartet. Krav til risiko og/eller sårbarheitsreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.</p>	<p>kunne styre formålet i denne loven gjennom vidare detaljregulering og konkrete utbyggingsavtaler med bakgrunn i plan.</p> <p>§ 5. Ansvar for organisering og planlegging</p> <p>Kommunen skal i sitt arbeid på det boligsosiale feltet sørge for samarbeid på tvers av sektorar og samordning av sine tjenester. For øvrig skal kommunen samarbeide med andre offentlege aktørar som kan bidra til arbeidet for vanskelegstilte på boligmarkedet.</p> <p>Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet.</p> <p>Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter plan- og bygningsloven § 10-1. En drøfting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum.</p> <p><small>1. januar 2023</small></p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>3) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>4) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>5) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>6) Uttalen er teke til orientering. I planomtalen skal dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova vurderast. Vurderingar vert gjort av fagkyndig biolog.</p> <p>7) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</p>
6	<p><u>Statens vegvesen</u> Dato: 04.05.2023</p>	<p>1) I planen må det greiast ut om framtidig trafikkmengd som følgje av den arealbruken planen legg til rette for.</p> <p>2) SVV trekker fram krysset mellom gang- og sykkelvegen langs rv. 5 der denne møter Navarsetevegen. Her er det utfordrande siktforhold og utforming av krysset der mjuke og harde trafikantar møtast.</p> <p>3) Krysset ved Rones barnehage bør og bli vurdert nærmare med omsyn til trafikksikkerheit, jf. vedlagte brev datert 24.01.2023. Dette kan gjerast i</p>	<p>1. Uttalen er teke til fylgje og vil også bli følgt opp i områdereguleringarbeidet. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut», punkt «trafikk» supplert med eit nytt kulepunkt: <i>Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skulevegar og trafikktryggleik.</i></p> <p>2. Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringarbeidet.</p> <p>3. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringarbeidet.</p>

		<p>dialog med SVV. SVV ønskjer ikkje at planen legg til rette for auka trafikk i dette krysset. SVV vil rå til at regulert køyretilkomst blir frå fv. 55, eventuelt via eksisterande rundkøyring ved kulturhuset, med utbetring eller ny veg frå krysset mellom Navarsetevegen og Hovevegen</p> <p>4) Vi oppmodar kommunen til å vurdere løysingar som legg meir til rette for gåande og syklande, og gjer det mindre attraktivt å bruke bil. Ein moglegheit kan vere å etablere køyretilkomst frå fylkesveg 55, stenge krysset ved Rones barnehage og å stenge nedre del av Navarsetevegen for køyrande/gjennomkøyring.</p> <p>5) Det bør synleggjerast korleis planen bidreg til målet frå samfunnsdelen om å redusere biltrafikk og legge til rette for gåande og syklande. Skuleveg må også vurderast.</p> <p>6) Løysing for renovasjon, varelevering og snuplass for store køyretøy bør og vurderast i detalj, da dette er arealkrevjande. Gode og trafikk sikre løysingar, spesielt for mjuke trafikantar i kombinasjon med store køyretøy i anleggsperioden bør vurderast.</p> <p>7) Vegnormal N100 gjeld for all offentleg veg. Vi legg til grunn at N100 blir følgt ved planlegging av ny veg/gate og kryss. Sikt og siktsoner må gå fram av planen. N100 gjeld og ved utbetring av eksisterande kryss og avkøyrslar. Eventuelle fråvik bør vere behandla før planen sendast på høyring.</p> <p>8) SSV legg til grunn at planen vil innehalde relevante rekkefølgjekrav som sikrar gjennomføring av trafiksikkerheitstiltak og opparbeiding av tilbod for mjuke trafikantar i samband med den utbygginga det blir lagt til rette for. For å sikre god tilkomst i anleggsperiode, bør det bli sett rekkefølgjekrav som sikrar opparbeiding av avkøyrslar, kryss og tilbod for mjuke trafikantar før anna byggearbeid blir sett i gang</p>	<p>4. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderegeringsarbeidet.</p> <p>5. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderegeringsarbeidet. Trafikkanalysen vurderer også skuleveg.</p> <p>6. Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderegeringsarbeidet.</p> <p>7. Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områderegeringsarbeidet.</p> <p>8. Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områderegeringsarbeidet.</p> <p>Uttalen fører til endringar i planprogrammet. I planprogrammet vert kapittel 6 «Tema som skal greiast ut», punkt «trafikk» supplert med eit nytt kulepunkt (side 16):</p> <p><i>Trafikkanalyse - analysen skal så lang som råd gje eit bilete av dagens trafikkmengd, framtidig trafikkmengd, skuleveg og trafikktryggleik.</i></p>
7	<p><u>Sogndal kulturråd</u> Dato: 08.05.2023</p>	<p>1) Framhevar at det er viktig å ivareta interessene til Sogndal Folkehøgskule i planarbeidet. Det gjeld både eksisterande aktivitetar og at skulen vert sikra moglegheit til å utvikle seg i framtida.</p> <p>2) Området er truleg rikt på kulturminne. Det var tidlegare eit gravfelt datert til vikingtida der folkehøgskulen i dag er lokalisert og potensialet for funn av kulturminne er stort. Her er det viktig at ev. kulturminne vert sikra og gjort til ein levande del av tettstaden og stadutforminga, jf. punkt h under «Fruktbare tettstadar» og punkt 17, under prinsipp for arealplanarbeidet for Sogndal kommune.</p>	<p>1) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områderegeringsarbeidet. Sogndal folkehøgskule vert invitert til medverknad.</p> <p>2) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områderegeringsarbeidet. Kulturminne skal utgreiast som ein del av planarbeidet.</p> <p>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</p>

Merknadsskjema – oppsummering og kommentarar til mottekne merknadar og uttalar til oppstart av planarbeid

<p>8</p>	<p><u>NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat)</u> Dato: 05.05.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Planområdet ligg under marin grense. NVE rår oss til å følgje prosedyren i kapittel 3.2. i NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred» så langt som det er naudsynt for å avklare faren for områdeskred av kvikkleire. 2) I rettleiar 1/2019 er det eit eige kapittel (kap. 2.8) om aktsemd i strandsona. Skred i sjø kan utløyast i alle typar lausmassar, men der det finnst kvikkleire eller andre jordartar med sprøbroteigenskapar i strandsona kan skred verte svært omfattande. 3) Det er eit viktig prinsipp at avklaring av reell naturfare skal skje innan siste plannivå. Klarast går dette fram i KMD rundskriv H-5/18 «Samfunnsikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling». Det er skildra i planprogrammet at områdereguleringsplan for Rutlin/Ulvahaugen skal legge til rette for vidare detaljregulering. Det vil seie at ein kan velje å utsette avklaring av reell fare på dette plannivået. NVE rår likevel til at skredfaren avklarast no i områdereguleringsplan nivået. Ein tidleg avklaring av om planområdet er skredutsett vil gjere planlegginga enklare, og ein kan oppnå ein meir heilskapleg samanheng i arealbruken. 4) Dersom det er reell fare for skred, må det definerast faresonegrensar i medhald av tryggleikskrava til TEK17. Fareområder må innarbeidast som omsynssoner i plankartet, med tilhøyrande planføresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. 5) NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan er ein rettleiar som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen. Vårt innspel er at de går gjennom denne kartbaserte rettleiaren og nyttar den i planarbeidet. 6) Kommunen må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE sin rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging». Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE har tilsendt planen ved offentleg ettersyn. 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Uttalen er teke til orientering og vil verta følgt opp i områdereguleringsarbeidet. Fagkyndig geolog skal gjere naudsynte vurderingar i form av ein skrivebordsundersøking. Dersom det blir naudsynt med geoteknisk grunnboring, vil dette bli eit krav i vidare detaljplanarbeid. 2) Uttalen er teke til orientering og vil bli følgt opp i områdereguleringsarbeidet i den grad planen legg opp til tiltak i sjø. 3) Sjå punkt 1. I tillegg er det viser aktsemdskart for skred (NVE Atlas) at planområdet i all hovudsak ligg utanfor aktsemdsområda. Berre eit mindre område i Kløvholå ligg i aktsemdsområde for snøskred, i dette området er det ikkje aktuelt å regulere til byggeføremål. Uttalen er tatt til orientering og vil verta følgt opp i områdereguleringsarbeidet der det er aktuelt. 4) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 5) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 6) Uttalen er teke til orientering og planen vert sendt til NVE ved offentleg ettersyn. <p>Uttalen fører ikkje til endringar i planprogrammet.</p>
<p>9</p>	<p><u>Miljøretta helsevern, Sogndal kommune</u> Dato: 03.05.2023</p>	<ol style="list-style-type: none"> 1) Viktig å sikre nærleik til barnehage og skule. Det bør leggst til rette for ny barnehage i området eller sikre moglegheit for utviding av bygg og uteområde til eksisterande barnehage – Roness, som ligg i planområdet. 2) Der er ikkje lagt til rette med fortau og trygg hente-leveresituasjon ved Roness Barnehage. Dette bør sikrast gjennom planprogrammet. 3) Eksisterande barnehage ligg også i raud (i ytterkant av leikeområdet) og gul støysone. Hovuddelen av leikeområdet er i gul støysone. Dette bør forsøkast skjermast for eller det leggst til rette for meir skjerna leikeområde i nærleiken. 4) Det må leggst til rette for gode ferdselsårer for gåande og syklande inn til sentrum og til barneskulen. For tryggleiken si skuld, bør det stillast krav om 	<ol style="list-style-type: none"> 1) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. I samband med stadanalysen skal det gjerast greie for kapasitet i nærliggande barnehagar og skule. 2) Uttalen er tatt i orientering og trafikktryggleik og trafikkløysingar vil verta vurdert i områdereguleringsarbeidet. 3) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 4) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 5) Uttalen er teke til orientering og rekkefølgekrav vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 6) Uttalen er teke til fylgje og vil før til redaksjonell endring av planprogrammet: «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg» IS-1693 vert lagt inn under kapittel 5 «Tema som skal greiast ut», underpunkt «Støy». 7) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet. 8) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.

	<p>å utarbeide åtskilt sykkelveg inn til sentrum som forlenging av sykkelvegen som nyleg er anlagt i Fjøra.</p> <p>5) Det bør stillast krav om at vegnett, med fortau og sykkelveggar blir bygd før bustader og næringsverksemdar får takast i bruk.</p> <p>6) Det bør leggest til grunn at «Veileder for støyvurdering ved etablering av nærmiljøanlegg» IS-1693 blir følgt under detaljplanlegging i området.</p> <p>7) Legge til rette for noko næringsverksemd, som matbutikk, frisørsalong etc, som sikrar kort veg til slike tenester og unngår i større grad bilkøyring inn til sentrum.</p> <p>8) Store delar av området som planleggast å byggast ut er på jordbruksareal og mykje av dette arealet har vore nytta til fruktdyrking. Det er stor sannsynlegheit for at jorda har restar av sprøytemidlar. For det arealet som skal nyttast til barnehage eller leikeplass ber vi om at det leggest inn krav i reguleringsbestemmingane at «Veileder for undersøkelse av jordforurensing i nye barnehager og lekeplasser TA-2261» følgast.</p> <p>9) Det er særdeles viktig at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442 skal følgast i bygge- og anleggsfasen. Dette må også følgast opp i praksis. Vi anbefaler at reguleringsbestemmelsane også set krav til støyutredning av bygge- og anleggsfasen.</p> <p>10) Rones barnehage og Folkehøgskule med internat ligg i planområdet og nært opp til område som vil bli utbygd og fortetta, og barn og elevane kan bli utsett for støy i bygge- og anleggsfasen. Det er difor viktig at det sikrast at det lagast ein plan for korleis barna og elevane skal sikrast tilfredsstillande støyforhold i opphaldstida, samt på ettermiddag, kveld og natt for internatelevane. Det må også lagast ein plan for korleis det skal følgast opp at underleverandørar følg støykrav og at det dokumenterast at støygrensene i tabell 4-6 i T-1442 blir haldne.</p> <p>11) Vi ber om at reguleringsbestemmelsane legg til grunn at det skal gjerast støvreduserande tiltak på anleggsområda og i samband med eventuell transport av masser. Det må stillast krav om plan for støvreduserande tiltak.</p>	<p>9) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>10) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>11) Uttalen er teke til orientering og vil bli vurdert i områdereguleringsarbeidet.</p> <p>Uttalen fører til endringar i planprogrammet. Planprogrammet vert endar slik det er gjort greie for i punkt 6) ovanfor.</p>
--	---	---

